



Årsmelding 2017 for jenter 2007

Mange av disse jentene har spelt saman sidan hausten 2013. Nokre spelarar har slutta/flytta, men fleire andre har begynt, også frå andre skulekrinsar. Dermed er me i dag fleire spelarar enn nokon gong.

Frå starten av var Silje Bremerthun og Ketil Tjore trenarar, og etter at Silje flytta til Åsane har me vore så heldige å få med oss Hanne Angelskår dei to siste sesongane. Denne sesongen er Susanne Åmodt oppmann.

Me har denne sesongen begge treningane i Nordhordlandshallen, 16.15 til 17.15 måndagar med Ketil, og 16.15 til 17.15 onsdagar med Hanne.

Dette er første sesong på stor bane, der me har eitt lag i øvd og eitt lag i uøvd. Delinga på laga er ikkje berre etter nivå, det er også etter kva som passar, i tillegg til at ein av dei som har lært mest må spela på uøvd-laget for å sikra at me får flyt i spelet også der.

Me var i 2017 ikkje med på turneringar, men laga til to «gjesticupar» heime i

Nordhordlandshallen. Tidleg på hausten hadde me besøk av Eikanger og Lindås til kampar på stor bane før sesongstarten, og i romjula var Eikanger på besøk til ein tilsvarende venskapscup. For 2018 vert det kanskje aktuelt med ein tur på Stord cup.

Hallen er flott som treningsarena, men me vil gjerne ha litt eige treningsmateriell som vestar og kjegler. Det var vestar i ballskapet tidlegare, men den posen har vore «hasta la vista» sidan før jul. Ballar er det også litt ymse med i skapet, men å kjøpa inn eit eige sett til laget er kanskje for dyrt?

Spelemessig er laget i ein periode med stor utvikling, og det er kjekt å sjå når pasningane er kjappe og jentene fintar og skyt. Fleire av jentene har også vore med på handballskule i samband med skuleferiar, og fått læra nye ting og møtt nye venner gjennom handballen. I tillegg til treningar og kampar har me også nokre sosiale samlingar med laget.

Ført i pennen av Ketil Tjore, 14. januar 2018.

Spelarane per januar 2018 er:

1. Iselin Angelskår-Hille
2. Matilde Færø Bruknapp
3. Sofia Dahl
4. Jovana Djordjevic
5. Kaja Veum-Soma
6. Alida Flagtvedt Jensen
7. Oda Emilie Grøttveit Myrmel
8. Ida Ramslien
9. Martyna Straksyte
10. Vilje Strømme Tjore
11. Vilde Åmodt
12. Marte Isdal Dolmen
13. Mathilde Guntveit Opheim
14. Ingrid Spurkeland
15. Hanna-Lisbeth Schellhorn Jacobsen
16. Yasmin Sæbø
17. Natalie Aadland-Rasmussen